



Det Kongelige Kulturdepartement
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2015000699

Arkiv: N - 000

Dato: 26.06.2015

SVAR PÅ HØYRING - FORSLAG OM ENDRINGAR I HELLIGDAGSLOVA - SØNDAGSOPNE BUTIKKAR

Vi viser til Dykkar søknad datert 27.03.2015. Saka er handsama av kommunestyret den 16.06.15 i K-sak 059/15.

Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

Sund kommune vil gje følgjande høyringsuttale:

Det blir vist til Kulturdepartementet sitt framlegg om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om heilagdagane og helgedagsfred § 5 om sal frå faste utsalsstader.

Dette er synspunkt på departementet sitt primærframlegg og på det andre framlegget, kor vedtaksmynde blir lagt til den enkelte kommune.

Sund kommune støttar ikkje dei føreslåtte lovendringane, verken primærframlegget eller sekundærframlegget.

Sund kommune meiner det ikkje er behov for, eller hensiktsmessig, med liberaliseringar som legg til rette for meir søndagshandel enn det er i dag.

Vi meiner tvert imot at det er viktig å oppretthalde dei grensene for kommersiell aktivitet på søndagar som vi har. Grenser for kommersiell aktivitet på søn- og heilagdagane bidrar til å bevare desse dagane som annleis enn vanlege kvardagar. Søndagen er ein viktig felles fridag og kviledag, og vi ser det som ein viktig samfunnsverdi å vidareføre søndagen som en annleisdag for befolkninga.

I departementet sine vurderingar blir det vist til at departementet sitt framlegg om å bygge ned reguleringa av butikkar sine opningstider på søndagar har som utgangspunkt at tilbod og etterspørsel eignar seg betre enn lovverket til å regulere butikkars opningstider. Ytterlegare deregulering av opningstidene vil innebera større grad av likebehandling mellom butikkar, og det vil bidra til forenkling av regelverket. Forbrukarane vil sjølv kunne avgjere kor tid dei vil handle, og butikkane kan sjølv vurdere kva opningstider dei vil tilby.

Sund kommune er ikkje samd i at tilbod og etterspørsel eignar seg betre enn lovverket til å regulere opningstider.

Adresse:	Tlf:	56327500	Org.nr.:	Giro:	Giro skatt:
Postboks 23	Fax.:		964 338 809	3470.09.50850	78550512458
5371 SKOGSVÅG	E-post:	postmottak@sund.kommune.no			

Vi meiner det er viktig at regulering av opningstidene ikkje aleine blir avgjort av tilbod og etterspørsel, men at omsyn til søndagen som ein annleis dag, befolkninga sitt behov for ein felles kviledag, helgedagsfreden, og omsynet til arbeidstakarars behov for ein fridag saman med venner og familie, best blir sikra gjennom en vidareføring av dagens lovverk.

Vi meiner regjeringa sitt framlegg om liberalisering av helgedagsloven legg til rette for ein grunnleggjande samfunnsendring som ikkje er ønskeleg.

Vi meiner det er viktig å skjerma en dag i veka for kommersiell aktivitet, slik at ein sørgjer for at fleire av arbeidstakarane i varehandelen får høve til fri på søndagar. For mange er dette ein viktig del av familielivet.

Vi viser til dei sterke motførestellingane som pregar den offentlige debatten rundt regjeringa sitt framlegg, og meiner omsynet til arbeidstakarane, næringa, miljøorganisasjonane, frivilligheten, kyrkja og andre sine motførestellingar bør veia tungt i desse vurderingane.

Når det gjeld departementet sitt sekundærframlegg, det alternative framlegget til endring i helgedagsloven, vil vi åtvare mot denne løysninga ut i frå ein vurdering av spørsmålet om søndagshandelen som eit nasjonalt spørsmål: Det er viktig at heile Norges befolkning opplever at søndagen er en annleis dag også i framtida. Vi viser og til argumenta som blir presentert imot denne løysninga i høringsnotatet. Lokal vedtaksmynde vil kunne føra til forskjellar mellom kommunar, det kan virka uheldig for næringsdrivande som kan oppleve handelslekkasje til konkurrentar, og forbrukarar kan oppleve ulik tilgang på varer. Kommunal vedtaksmynde kan medføre uheldig konkurransevriding.

Med helsing

Eva-Marit Telle Hamre
leiar servicekontoret